

# Budsjett og Økonomiplan 2022-2025

Saude kommune



## Innleiing

Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og SV fremmer felles budsjettforslag. Samarbeidspartia legg i hovudsak rådmannens budsjettforslag og innstillinga frå formannskapet til grunn, men kjem med nokre justeringar.

8. november 2021 la regjeringa Støre fram sitt tilleggsnummer til Statsbudsjettet 2022.

Finansdepartementet har publisert ei [oversikt](#) over korleis tilleggsproposisjonen endrar rammetilskotet for Sauda kommune. Sauda kommune gir dette eit rammetilskot på kr. 165 676 000. Rådmannen har budsjettert med kr. 163 125 000 i rammetilskot. Dette gir ein auke på kr 2 551 000 i ekstra inntekter. Samarbeidspartia vel å sette desse av til disposisjonsfond.

Stortingsforhandlingane rundt tilleggsnummer til Statsbudsjettet 2022 var ferdige 29. november. Her er det blant anna lagt inn gratis kjernetid i SFO for førsteklassingar. Det er sett av 655 millionar kroner til dette nasjonalt. Fordelt på innbyggartal vil dette utgjera rundt kr 550 000 for Sauda kommune. Brukarbetaling for 50 elevar for 12 timar SFO vil i Sauda kommune utgjera noko over kr 400 000, slik at inndekking av netto utgifter for kommunen vil med dette anslaget utgjera rundt 150 000 kroner. Samarbeidspartia ser ikkje grunn til å justera ramma for Oppvekst og Kultur etter innføring av gratis kjernetid for SFO til førsteklassingar.

Det føreligg tal frå Skatteetaten over utskriving av eigedomsskatt på kraftverk for 2022. Rådmannen har gjort eit anslag i sitt budsjettforslag over desse inntektene som formannskapet la til grunn. Tala frå skatteetaten viser at desse kraftrelaterte inntektene blir kr. 5 156 517 lågare enn det formannskapet la til grunn. Samarbeidspartia vel å svekke avsetninga til disposisjonsfond tilsvarande.

Dette gir ei fondsavsetning på rett over 10 millionar kroner. I budsjettforslaget ligg det meirinntekter på kraft på over 16 millionar kroner, og som ein følge av store inntekter på konsesjonskraft aukar innskotet til Ryfylkefondet til 3 millionar kroner. Dette betyr at ein ikkje klarar å frigjere heile den ekstra kraftinntekta på rundt 13 millionar kroner til fondsavsetning, noko som vil gjera budsjettår med lågare kraftinntekter svært krevjande.

## PWC-tiltak

Rådmannen har lagt inn 10 PWC-tiltak for Helse og Omsorg i økonomiplanen. Forventa effekt av tiltaka frå rådmannen ligg noko lågare enn minimumsnivået skissert av PWC:

Tiltak lagt inn av rådmann	Rådmann	PWC min	PWC anslag	PWC max
#H02 Ressursoptimalisering	200 000	400 000	1 000 000	1 600 000
#H03 Innføre automatiske medisindispensere	70 000	140 000	700 000	700 000
#H05 Redusere grad av tilrettelegging i turnus	800 000	840 000	1 400 000	1 960 000
#H07 Riktig bruk av takster på legesenteret	50 000	60 000	300 000	300 000
#H09 Redusere bemanning på Gruppe B, Høllandstunet	560 000	560 000	700 000	700 000
#H10 Erstatte private fysioterapeuter med kommunale	100 000	400 000	500 000	500 000
#H11 Redusere sykefravær gjennom økt fokus på forebygging og tilrettelegging	450 000	900 000	1 500 000	2 100 000

#H13 Kjøpe kommunal øyeblikkelig hjelp døgntilbud	370 000	368 000	614 000	860 000
#H14 Samarbeide om Legevakt - bakvakt	165 000	322 000	403 000	484 000
#H17 Ta ned antall vedtakstimer	5 750 000	5 800 000	9 640 000	13 500 000
<b>Årleg estimert effekt</b>	<b>8 515 000</b>	<b>9 790 000</b>	<b>16 757 000</b>	<b>22 704 000</b>

I dette budsjettforslaget har samarbeidspartia lagt forventet effekt frå desse tiltaka til kr. 9 515 000, noko tettare opp mot PWC sitt minimumsanslag. Samarbeidspartia ser og at nokre av tiltaka har element i seg som må utreias nærare. Spesielt vil ein her peika på fjerning av sjukepleiar på natt. Dette er noko partia vil følgje tett gjennom året. Samarbeidspartia er uroa for å skyve belastning på andre tenester ved å ikkje ha kommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod lokalt. Ein ønsker derfor å vente med å innføre PWC-tiltak #H13 til konsekvensar er betre ugreia. Ein reduserer derfor estimert effekt av tiltaka med kr. 370 000 til kr. 9 145 000 totalt.

I tillegg har samarbeidspartia lagt inn eit tiltak på tenesteområdet Næring og Samfunn. Det er lagt inn effekt tilsvarende halvårsvirkning av PWC sitt minimumsanslag i budsjettet for 2022:

Nye tiltak i budsjettforslag	Budsjett	PWC min	PWC anslag	PWC max
#N8 Fjernvarme i kommunale bygg	240 000	480 000	600 000	600 000

#### Nøkkeltal og rammer i budsjettforslaget

Tallbudsjettet vedtas med netto driftsresultat på 1,52% av driftsinntekter. For 2022 er det budsjettert med et overskudd på kr. 10 323 477. Overskuddet er avsatt til disposisjonsfond.

#### Finansielle nøkkeltall for perioden

- a. Resultatgrad på minst 1,75%
- b. En fondsandel på over 10%
- c. Gjeldsgrad på under 80%

#### Netto rammer er følgende:

Politisk nivå og Faglig stab og støtte	kr. 29 986 532
Oppvekst og kultur	kr. 110 002 451
Helse og omsorg	kr. 179 295 194
Næring og samfunn	kr. 68 022 451
Avskrivninger og kalk/renter	kr. -49 304 932
Total netto ramme	kr. 338 001 696

#### Investeringar:

Investering innanfor sjølvkost (VAR)	Kr. 37 600 000
Andre investeringar	Kr. 74 850 000
Startlån for vidareformidling	Kr. 0

#### Låneopptak:

VAR	Kr. 37 600 000
Øvrige opplån	Kr. 41 880 000
Startlån	Kr. 0

## Verbalforslag

### Drift

11. Ekstra inntekter på kr. 2 551 000 frå tilleggsnummer til statsbudsjettet førast til disposisjonsfond. Rammetilskot aukast med kr. 2 551 000, som i sin heilheit avsetjast til disposisjonsfond.

12. Inntekter frå eigedomsskatt på kraftverk reduserast med kr. 5 156 517. Avsetjing til disposisjonsfond reduserast med tilsvarande beløp.

13. Tiltak med å starte Planlegging for justering av barnehage- og skulestruktur skal ikkje gjennomførast. Sauda ønsker auka tilflytting og skal vera attraktive for barnefamiljar. Det er mellom anna regulert over 50 nye bustadseiningar i Saudasjøen. Kommunestyret meiner det er feil strategi å starte planlegging av desse tiltaka nå.

14. Rådmannen bes legge fram ei sak til kommunestyret med tiltak for å auke bustadsattraktivitet i Sauda. Saka skal belyse tiltak for auka bustadbygging og omsetningsvekst i bustadmarknaden og verkemiddel kommunen kan setta inn for å nå dette. Kommunestyret ber og rådmannen gjera tiltak for å auka bruken av ordninga med startlån frå Husbanken.

15. Kommunestyret ber rådmannen legge PWC rapporten «Omstilling 2025» fram for kommunestyret, slik at kommunestyret kan gjera politiske prioriteringar for det vidare arbeidet med rapporten.

16. Eit ønska tiltak utanfor ramma i styringskort for helse og omsorg er prosjektstilling til å bistå med omstillingsarbeidet. Det vert oppretta ein 100% prosjektressurs i 2 år til å bistå med omstillingsarbeidet i Sauda kommune. Ressursen vert lagt til rådmannsstab og skal arbeide med forbetningsarbeid i heile organisasjonen, samt implementering av tiltak frå PwC-rapporten «Omstilling 2025». Det er viktig å involvere dei tilsette i omstillingsarbeidet. Det skal ved tertialrapportering rapporterast om framdrift og vidare planar for å styrka drifta til Sauda kommune. Formannskapet skal orienterast fortløpande om arbeidet. Målet innan 2025 er å innføre tiltak som vil frigjer 35 millionar kr per år til fond jamfør scenario 2 i PWC-rapporten. Prosjektstilling omstilling finansierast med auka ramme på Stab og støtte med kr. 1 000 000. Ramme Helse og Omsorg reduserast tilsvarande då kommunestyret budsjetterer med høgare effekt av innførte PWC tiltak innanfor Helse og omsorg.

17. Kommunestyret ønsker å vente med å innføre PWC-tiltak H13, Kjøpe kommunal øyeblikkelig hjelp døgntilbud. Kommunestyret ønsker at dette tiltaket utgreiast meir og blir vurdert i saka der PWC rapporten «Omstilling 2025» legges fram for kommunestyret. Estimert innsparing i 2022 på kr. 370 000 legges ikkje inn i budsjettet. Ramme til Helse og omsorg aukast med tilsvarande beløp. Dette finansieres med bruk av disposisjonsfond.

18. Kommunestyret ønsker å starta arbeidet med implementering av handlingsplanen Leve hele livet med oppstart og sertifisering av Livsgledeheim. I styringskortet for helse og omsorg er dette eit ønska tiltak rådmannen ikkje har funne rom til i ramma for helse og omsorg. Kostnad for tiltaket på kr 300000 legges til ramme for Helse og omsorg. Finansieres med bruk av disposisjonsfond.

19. Kommunestyret ber rådmannen innføre PWC tiltak #N8 Fjernvarme kommunale bygg. Tiltaket budsjetteres med innsparing på kr. 240 000 (halvårseffekt av PWC min) – Kommunestyret vil styrke vedlikehaldsbudsjettet til park og veg med tilsvarande for å heve attraktiviteten til Sauda.

20. Uteområdet ved skular er viktig for barn og unge sin fysiske og psykiske helse. Kommunestyret ynskjer at rådmannen legg fram ei sak før sommaren der ein kartlegg status og behov for tiltak og oppgraderingar av uteområda.

21. Kommunestyret ber rådmannen gå i dialog med Frilager om å etablere frilager i Sauda. Rådmannen bes utarbeide ein avtale med naturlege samarbeidspartnarar. Avtalen med eventuelle økonomiske konsekvensar legges fram for kommunestyret.

Investering

22. **B17 Auke antall institusjonsplasser Åbøtunet:** Kommunestyret ber administrasjonen planlegge for oppstart i 2023. Kr. 10 000 000 settes av i investeringsplanen i 2023. Kommunestyret ønsker å ha ein driftsmodell som visar korleis innfasing av institusjonsplassar påverkar drifta i framtida før ein går til investeringsbeslutning.

23. **B20 Infrastruktur fjernvarme:** Kommunestyret ønsker å påkøbling av alle planlagte kommunale bygg i 2022. Det settes av Kr. 750 000 i 2022 i investeringsbudsjettet.

24. **B26 Utvikling av Saudahallen:** Kommunestyret ber rådmannen sette i gong tiltak i eksisterande bygningsmasse, men ønskjar ein eigen sak før det startes planlegging og utføring av vidare tiltak for utvikling av Saudahallen.

25. **C1 Bølgebryter Treaskjæret:** Kommunestyret ønsker ein sak på prosjektet. Saka skal gi kommunestyret beskrivelse av prosjektet, oversikt over finansieringsløyningar, utgreiing av moglegheiter for badefasiliteter/stupetårn og ei tidsramme for oppstart og gjennomføring av prosjektet.

26. **E8 Gang-/sykkelbru Søndenaia – Lillebekk:** Kommunestyret ber rådmannen inngå ein minneleg avtale med grunneigar for å sikre framdrift på prosjektet. Prosjektet er forventa delfinansiert med TS-midlar og kommunestyret budsjetterer med 50% ekstern finansiering.

27. **F1 Aktivitetsparker:** Potten til aktivitetsparker aukast til Kr. 1 800 000 i 2022, der ein set av Kr. 1 400 000 til skuleområda, og det bevilges 800 000 årleg i økonomiplanperioden til aktivitetsparker. Uteområda til skulane er ein viktig opphaldsplass for barn og unge, også på fritida. Kommunestyret vil at denne posten også skal brukast til utvikling av uteområda på skulane.

28. **F5 Torget:** Kommunestyret ønsker ein eigen sak før ein startar prosjektet. Kommunestyret ønskjar brei involvering og god medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og aktørar i sentrum i prosjektet. Arbeidet som er gjort i prosjektet «Sydande Sauda» taes med i det vidare arbeidet. Investeringsramma justerast til Kr. 5 000 000 i 2023 og 2024.

29. **G1 Behandling av avfall og slam.** Kommunestyret ønsker ein presentasjon av prosjektet så snart forstudie er gjennomført for å ta standpunkt til vidare arbeid.

Tabellar i økonomiplanen oppdaterast med endringane over.

## Oppdaterte tabellar

### Drift

#### Bevilgningsoversikt drift 1. ledd 2022

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2021	Regnskap 2020
<b>Driftsregnskapet</b>						
Rammetilskudd	-165 676 000	-166 125 000	-169 125 000	-172 125 000	-164 621 223	-174 081 671
Inntekts- og formuesskatt	-137 250 000	-138 348 000	-139 500 000	-141 500 000	-120 250 000	-127 913 007
Eiendomsskatt	-31 548 949	-36 700 000	-39 200 000	-39 200 000	-34 705 466	-34 879 895
Andre generelle driftsinntekter	-51 515 000	-49 800 000	-49 800 000	-49 800 000	-52 035 000	-48 519 128
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-385 989 949</b>	<b>-390 973 000</b>	<b>-397 625 000</b>	<b>-402 625 000</b>	<b>-371 611 689</b>	<b>-385 393 701</b>
<b>Sum Bevilgninger drift</b>	<b>338 001 696</b>	<b>336 202 779</b>	<b>338 089 265</b>	<b>341 786 612</b>	<b>340 249 893</b>	<b>330 936 153</b>
Avskrivninger	36 690 044	39 390 044	42 090 044	44 790 044	34 567 649	30 997 186
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>374 691 740</b>	<b>375 592 823</b>	<b>380 179 309</b>	<b>386 576 656</b>	<b>374 817 542</b>	<b>361 933 339</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-11 298 209</b>	<b>-15 380 177</b>	<b>-17 445 691</b>	<b>-16 048 344</b>	<b>3 205 853</b>	<b>-23 460 362</b>
Renteinntekter	-1 174 000	-1 300 000	-1 500 000	-1 800 000	-1 024 000	-1 601 907
Utbytter	0	0	0	0	0	0
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3 800 000	-2 500 000	-2 500 000	-3 000 000	-3 800 000	-1 980 960
Renteutgifter	10 110 266	11 610 266	13 110 266	14 610 266	7 115 302	7 992 710
Avdrag på lån	34 897 194	40 097 194	45 297 194	50 497 194	32 268 072	29 347 124
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>40 033 460</b>	<b>47 907 460</b>	<b>54 407 460</b>	<b>60 307 460</b>	<b>34 559 374</b>	<b>33 756 967</b>
Motpost Avskrivninger	-36 690 044	-39 390 044	-42 090 044	-44 790 044	-34 567 649	-30 997 186
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-7 954 793</b>	<b>-6 862 761</b>	<b>-5 128 275</b>	<b>-530 928</b>	<b>3 197 578</b>	<b>-20 700 581</b>
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-7 428 284	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-6 617 723	4 467 180
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	15 383 077	14 362 761	12 628 275	8 030 928	3 420 145	16 233 401
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>7 954 793</b>	<b>6 862 761</b>	<b>5 128 275</b>	<b>530 928</b>	<b>-3 197 578</b>	<b>20 700 581</b>
<b>Fremførbart til inndekning i senere år(merforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### Bevilgningsoversikt - drift 2. ledd 2022

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2021	Regnskap 2020
<b>Driftsregnskapet</b>						
<b>Faglig stab og støtte</b>						
<b>Netto driftsramme</b>	29 986 532	29 819 644	30 172 164	30 664 887	41 963 029	15 142 003
<b>Oppvekst og Kultur</b>						
<b>Netto driftsramme</b>	110 002 451	109 390 241	110 683 423	112 490 924	107 808 639	106 292 855
<b>Helse og omsorg</b>						
<b>Netto driftsramme</b>	179 295 194	178 297 341	180 405 123	183 351 205	176 166 748	187 739 509
<b>Næring og Samfunn inkl. Havnekassen</b>						
<b>Netto driftsramme</b>	68 022 451	67 643 877	68 443 545	69 561 253	60 389 014	65 915 322
<b>Motpost avskriv. /kalk.renter /mva komp.</b>	-49 304 932	-48 948 324	-51 614 990	-54 281 657	-46 077 537	-44 153 536
<b>Til fordeling drift</b>	338 001 696	336 202 779	338 089 265	341 786 612	340 249 893	330 936 153
<b>Fra Bevilgningsskjema drift</b>	338 001 696	336 202 779	338 089 265	341 786 612	340 249 893	330 936 153

	Budsjett 2022 Rådmann	Budsjett 2022 Formannskap	Budsjett 2022 Kommunestyre
Rammetilskudd	-163 125 000	-165 941 000	-165 676 000
Inntekts- og formuesskatt	-137 250 000	-137 250 000	-137 250 000
Eiendomsskatt	-36 705 466	-36 705 466	-31 548 949
Andre skatteinntekter	-25 665 000	-25 665 000	-25 665 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-24 050 000	-24 050 000	-24 050 000
Overføringer og tilskudd fra andre	-68 585 728	-68 585 728	-68 585 728
Brukerbetalinger	-15 898 480	-15 898 480	-15 898 480
Salgs- og leie inntekter	-99 851 197	-99 851 197	-99 851 197
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>-571 130 871</b>	<b>-573 946 871</b>	<b>-568 525 354</b>
Lønnsutgifter	299 479 662	299 479 662	299 479 662
Sosiale utgifter	73 176 505	73 176 505	73 176 505
Kjøp av varer og tjenester	112 690 421	112 690 421	112 690 421
Overføringer og tilskudd til andre	34 630 779	34 630 779	34 630 779
Avskrivninger	36 690 044	36 690 044	36 690 044
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>556 667 411</b>	<b>556 667 411</b>	<b>556 667 411</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-14 463 460</b>	<b>-17 279 460</b>	<b>-11 857 943</b>
Renteinntekter	-1 284 266	-1 284 266	-1 284 266
Utbytter	0	0	0
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3 800 000	-3 800 000	-3 800 000
Renteutgifter	10 110 266	10 110 266	10 110 266
Avdrag på lån	34 897 194	34 897 194	34 897 194
<b>NETTO FINANSUTGIFTER</b>	<b>39 923 194</b>	<b>39 923 194</b>	<b>39 923 194</b>
Motpost avskrivninger	-36 690 044	-36 690 044	-36 690 044
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-11 230 310</b>	<b>-14 046 310</b>	<b>-8 624 793</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-7 428 284	-7 428 284	-7 428 284
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	18 658 594	21 474 594	16 053 077
Bruk av tidligere års mindre forbruk	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0
<b>DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>11 230 310</b>	<b>14 046 310</b>	<b>8 624 793</b>
<b>FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Brutto driftsresultat i prosent	2,53	3,01	2,09
Netto driftsresultat i prosent	1,97	2,45	1,52

## Investering

<b>Nr</b>	<b>Investeringsplan</b>				
	Beskrivelse av prosjekt	2022	2023	2024	2025
	Vann - Avløp - Renovasjon (selvkostområder)				

<b>G</b>	<b>Sum VAR</b>	<b>37 600 000</b>	<b>49 400 000</b>	<b>50 900 000</b>	<b>61 650 000</b>
----------	----------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

	Beskrivelse av prosjekt	2022	2023	2024	2025
	<b>Større prosjekter</b>				
	<i>Ingen enkeltstående større prosjekter</i>				
	<b>Prosjekter akkumulert i kategori</b>				
<b>B</b>	Bygge prosjekter ihht prioritert oversikt	43 250 000	26 550 000	43 200 000	53 500 000
<b>E</b>	Vei prosjekter ihht prioritert oversikt	20 000 000	14 300 000	8 000 000	7 700 000
<b>D</b>	IKT prosjekter ihht prioritert oversikt	7 650 000	8 500 000	3 400 000	2 100 000
<b>C</b>	Havnekassen prosjekter ihht prioritert oversikt	0	6 500 000	0	0
<b>F</b>	Uteområde/Park prosjekter ihht prioritert oversikt	3 950 000	8 800 000	11 800 000	2 200 000
<b>A</b>	Brann prosjekter ihht prioritert oversikt	0	6 500 000	0	2 000 000
	<b>Sum andre investeringer</b>	<b>74 850 000</b>	<b>71 150 000</b>	<b>66 400 000</b>	<b>67 500 000</b>
	<b>Sum investeringer totalt</b>	<b>112 450 000</b>	<b>120 550 000</b>	<b>117 300 000</b>	<b>129 150 000</b>

<b>Finansiering</b>		
	TS-midler	3 000 000
	Næringsfond	
	Havnefond	
	Momskompensasjon	14 970 000
	Tippemidler/spillemidler	
	Finansierte av ubruktelånemidler	15 000 000
	Låneopptak VAR	37 600 000
	Låneopptak øvrige prosjekter	41 880 000
	<b>Sum finansiering totalt</b>	<b>112 450 000</b>

### Detaljert oversikt over endringer i investeringsbudsjettet

<b>NR</b>	<b>Beskrivelse av prosjekt</b>	<b>Pri</b>	<b>Type</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>B17</b>	Auke antall institusjonsplasser Åbøtunet		Bygg	1 500 000	10 000 000	30 000 000	20 000 000
<b>B20</b>	Infrastruktur fjernvarme		Bygg	750 000	0		
<b>F1</b>	Aktivitetssparker		UPI	1 800 000	800 000	800 000	800 000
<b>F5</b>	Torget		UPI	500 000	5 000 000	5 000 000	